



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for kultur

Møtedato: 12.02.2014

Sak nr.: 13/7616-3

Internt l.nr.: 5450/14

Sak: 4/14

Tittel: Prioriteringar for kulturminneforvaltninga 2014

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesrådmannen rår hovudutval for kultur til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet for kultur rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at Riksantikvaren vil delegere fleire oppgåver til fylkeskommunane, og er positive til slik overføring til det folkevalde fylkesnivået. Det må følgje naudsynte økonomiske ressursar med for å kunne ta imot arbeidskrevjande oppgåver på ein god måte.
2. Fylkeskommunen meiner at all delegering av oppgåver som krev betydeleg auka arbeidsinnsats, bør kanalisert inn i prosessen fram mot nytt statsbudsjett. Oppgåvene må der omtalast med innhald, omfang og økonomisk kompensasjon. Fylkeskommunen reknar heilt generelt med at staten vil kunne (del-)finansiere oppgåver som til no har vore utført på statlege side ved tilsvarande innsparingar på statleg side.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune tek elles brevet frå Riksantikvaren av 28.11.13 om prioriteringar for kulturminneforvaltninga i 2014 til vitande.

Endringsframlegg:

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til eit nytt punkt 1 i staden for punkt 1 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:

Hovudutvalet meiner at det prinsipielt er riktig å legge avgjersmynde til lokalt folkevald nivå. Vi vil likevel vere tydeleg på at utan tilførde økonomiske midlar for å løyse oppgåvene, så kan vi ikkje ta over ansvaret, då det totalt sett vil kunne svekke omsynet til kulturminner.

Venstre sette fram slikt framlegg til endring i punkt 2:

Siste setning i punkt 2 «Fylkeskommunen reknar heilt generelt med at staten vil kunne (del-)finansiere oppgåver som til no har vore utført på statlege side ved tilsvarande innsparingar på statleg side» vert erstatta med «Fylkeskommunen føreset at staten tilfører ekstra midlar til å handtere desse nye oppgåvene på ein god måte».

Avrøysting:

Kristeleg Folkeparti sitt framlegg til eit nytt punkt 1 fekk 3 røyster og vart dermed forkasta.

Venstre sitt framlegg til endring i punkt 2 vart samrøystes vedteke

Tilrådinga frå fylkesrådmannen med vedteken endring i punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Hovudutvalet for kultur rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at Riksantikvaren vil delegere fleire oppgåver til fylkeskommunane, og er positive til slik overføring til det folkevalde fylkesnivået. Det må følgje naudsynte økonomiske ressursar med for å kunne ta imot arbeidskrevjande oppgåver på ein god måte.
2. Fylkeskommunen meiner at all delegering av oppgåver som krev betydeleg auka arbeidsinnsats, bør kanaliseras inn i prosessen fram mot nytt statsbudsjett. Oppgåvene må der omtalast med innhald, omfang og økonomisk kompensasjon. Fylkeskommunen føreset at staten tilfører ekstra midlar til å handtere desse nye oppgåvene på ein god måte.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune tek elles brevet frå Riksantikvaren av 28.11.13 om prioriteringar for kulturminneforvaltninga i 2014 til vitande.